

**Vest politidistrikt**

[post.hordaland@politiet.no](mailto:post.hordaland@politiet.no)

[margrethe.gudbrandsen@politiet.no](mailto:margrethe.gudbrandsen@politiet.no)

Knarvik, 29. august 2016

**Nærpolitireforma – innspel til struktur frå Regionrådet i Nordhordland**

Me viser til prosessen som pågår med nærpolitireforma, og til skriv me sendte til politimeisteren 11. januar d.å. og til møte med politimeisteren mandag 29. februar d.å.

Nordhordland lensmannsdistrikt med hovudkontor i regionsenter Knarvik tel i dag 6 kommunar. Masfjorden og Gulen har sin eigen organisering med lensmann for Gulen og Masfjorden. Dette distriktet inkl. Gulen og Masfjorden hadde sin reform i 2009 (ved Einar Vatne ) og me fekk ny organisering. Dette arbeidet var kommunane delaktig i, og etter denne omstillinga fekk vi bl.a. politiråda på plass. Politiråda er viktige for samhandlinga mellom kommunane og politiet og for vår del fungerer dette samarbeidet svært godt.

Me har lang tradisjon i Nordhordland for samarbeid – og dette gjeld også innanfor politiet og generelt med «blålysetatane» gjennom beredskap, øvingar, førebygging og haldningsskapande arbeid.

Me vil særns nemna fylgjande :

- Der er jamlege øvingar med lokalt politi og brann/redning i kommunane
- Møtepunkt mellom «blålysetatane» på ulike nivå der lokale forhold blir diskutert og løyst
- Me har fleire fellesaksjoner gjennom året der førebygging og haldningsskapande arbeid , trafikk sikring blant born, unge og innbyggjarane elles står i fokus. Me skaper ein felles arena mellom Trygg Trafikk, brann / redning, Helse og Politi ( TSU = trafikkfagleg samarbeidsutval)
- Vårt lokale politi har stor lokal kunnskap, er tilgjengelege og synlege i lokalsamfunna våre noko som betyr mykje for tryggleik og beredskap og sikring
- Diskriktet vårt har svært mange hendingar, spesielt i trafikken då E39 går igjennom kommunane våre. Og Fv 57 stadig har stadig hendingar me skulle vore forutan.
- Politiet i Nordhordland har stor tillit og skaper eit godt omdøme generelt
- Me har god leing ved lensmannskontoret og ein kultur der openheit og tillit rår
- Gjennom politiråda jobbar me også saman om tiltak basert på kunnskap og læring
- Me opplever at ved ulukker og hendingar kjem politiet svært raskt på skadestaden - då kan brann /redning gjera dei oppgåvene dei er satt til å gjera og politiet tek seg av innsatsen

Me synest Nordhordland lensmannsdistrikt fungerer svært godt og at dette spesielt har utvikla seg etter 2009 og reforma me då hadde.


Drøftingane no i våre politiråd viser at Masfjorden og Gulen vil innlemmast/ slåast saman med Nordhordland lensmannsdistrikt med hovudkontor i Knarvik. Dette fordrar at me får tenestestad nord i regionen (Masfjorden/Gulen). Me ser det elles heilt naturleg at Knarvik vert ein tenestestad i tillegg til å vera hovudbasen.

Vår tilråding og innstilling til ny struktur i Politidistrikt Vest for vårt område er då fylgjande:

Nordhordland Lensmannskontor inkl. Gulen og Masfjorden vert **ein GEOGRAFISK DRIFTSEINING** (geografisk område) med fullt ut budsjett og personalansvar med to fysiske tenestestader: Knarvik og eit tenestekontor nord for Fensfjorden, plassert utifrå ei politifaglig vurdering.

Denne eininga vil då telja 8 kommunar:

**Austrheim  
Fedje  
Gulen  
Lindås  
Masfjorden  
Meland  
Modalen  
Radøy**



Dette er eit stort geografisk område med store avstandar, men kan løysast med ei driftseining og to tenestestader. Då kan me halda på verdfull kompetanse, har gode faglege miljø, ha god kontakt mot innbyggjarane og stor samhandling og samvirke mellom kommunane og politiet.

På denne måten oppfyller me Stortinget sin intensjon om eit effektivt NÆRPOLITI som skal vera eit politi der førebygging og beredskap er viktige element og der responstida vert ivaretatt. Då får me tryggleik og eit politi som er til stades og me får ikkje minst betre polititjenester.

Når det gjeld Osterøy kommune, viser me til innspel som er kome frå dei saman med kommunar aust for Bergen.

Med venleg helsing

Alle ordførarar i Regionrådet Nordhordland

Karstein Totland (sign)  
Leiar Regionrådet Nordhordland  
Medlem i styringsgruppa nærpolitireforma

Astrid Aarhus Byrknes (sign)  
Medlem i Regionrådet Nordhordland  
Medlem i styringsgruppa nærpolitireforma

Rune Heradstveit (sign)  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS / Region Nordhordland